

SAK 66-15 SØKNAD OM MIDLAR TIL PROSJEKTET «SAU I FLEIRE FJØS»

Saksopplysning

I søknad datert 20.10.2015, søker Buskerud Sau og Geit om midlar til prosjektet «Sau i fleire fjøs». Søknad er satt opp ryddig og oversiktleg og er kopiert inn her:

1. Mål og rammer

Bakgrunn

Dei siste åra har sentrale styresmakter saman med landbruksnæringa sett fokus på beitebasert husdyrproduksjon. Ein har sett med uro på nedgang i husdyrhaldet og dermed redusert beitetrykk i utmarka og sett verknadene av auka attgroing og endringar i kulturlandskapet. Det er likevel behovet for lammekjøtt som har høgste prioritet i den vidare satsinga, basert på utnytting av lokale ressursar. På landsbasis er det no i 2014 eit underskot på to tusen tonn lammekjøtt, sjølv etter at importkvoten er fylt. Det er dessverre ei dobling sidan 2011. Det positive er likevel at delar av den auka importen skuldast auka etterspørsel av lammekjøtt i marknaden.

Prosjektet «40000 på 4» i regi av Buskerud Bondelag, støtta m.a. av FMB, vart avslutta i 2011. Det snudde nedgangen i Buskerud til ein viss oppgang i dyretal i prosjektperioden, fyrst i dei nedre delane av fylket, men i fjor òg i fjellregionen. Men auken er for liten, og på landsplan er tendensen ein svak nedgang i sauetal. Det avslutta prosjektet har vist at nokre av dei største utfordringane i sauehaldet gjeld strukturendringar i landbruket gjennom mange år. Der er behov for endringar i organiseringa av beitedrifta.

Rapporten etter prosjektet «40000 på 4» peikar på punkt ein lokalt bør gi større fokus:

- Viktig med betre utnytting av beiteressursane
- Tilgang alternative/ nye beiter: Størst potensiale på fjellbeita i Buskerud
- Behov for kartlegging av beiteressursane
- Avklaring om ansvar rett ved bruk av beite
- Reguleringsplanar/ beiteplanar i kommunane
- Store utfordringar med organisering av beitedrifta m.o.t. tilsyn og sanking. Gjerding innmark/utmark;- lover, rettar og plikter
- Opp gradering av driftsbygningar med fokus på økonomi og rasjonell drift
- Behov for å styrke det faglege og sosiale miljøet i næringa, m.a. gjennom ei kompetent rådgivarteneste

På landsbasis står Buskerud i ei særstilling fordi sauene i fylket har høgste kvaliteten i landet og leverer gjennomgåande dei beste slakta. Buskerud har store unytta beiteressursar, fyrst og fremst på fjellbeite i øvre delen av fylket.

1.1. Hovudmål

Sentrale aktørar i landbruksnæringa i Buskerud har saman med landbruksavdelinga hos FMB, kome til at det er viktig å halde fram i ei meir spissa form av prosjektet. Satsinga er mest aktuell i dei øvre kommunane i Buskerud der potensialet for auke er klart størst. Desse områda har dei største beiteressursane, mindre utfordringar med rovdyr og eit sterkare produksjonsmiljø. Ein del areal, både innmark og utmark, blir ekstensivt utnytta i dag.

Hovudmålet i prosjektet er å

- auke produksjonen av lammekjøtt gjennom auka sauetal
- auke kvalitetane i kulturlandskapet
- legge til rette for gode næringsinntekter for bønder, og sikre arbeidsplassar innanfor foredling av mat og i reiseliv

- få til eit nærare samarbeid mellom landbuk og reiseliv for gjensidig utvikling av tilbod i marknaden

Prosjektet vil ikkje berre tenkje sau, men vil også sette fokus på auka sambeiting med andre beitedyr t.d. storfe, geit og hest.

Redusert husdyrhald har òg ført til store utfordringar i gjerdehaldet, med passive og aktive gardsbruk med tanke på beitedyr.

Det er òg avdekka behov for betre driftsbygningar til sau gjennom restaurering eller ny bygging.

Det er utarbeidd beitebruksplanar i ein del kommunar av nyare og eldre dato, og det er store, men uavklarte, lokale forskjellar i kommunane kvar skoen trykker mest.

1.2. Målgrupper

- Saueprodusentar og bønder som vurderer å starte med sau
- Eigarar, sjølvstendige eller i samarbeid, som disponerer beiteområder i utmark
- Kommunane ved politikarar/planavdelinga

Prosjektet har som mål å:

- auka matproduksjon gjennom 5 % auka sauetal i prosjektperioden
- auke kvalitetane i kulturlandskapet
- sikre arbeidsplassar, ikkje minst innanfor foredling av mat og i reiselivet
- ta i bruk ledige gardsbruk, fjøs og innmarksbeiter
- auke tal nye fjøs med 5 i prosjektperioden/ eller som eit resultat av prosjektet
- byggje om/ til - 10 eldre fjøs for betre utnytting og produksjonsmiljø
- auke fokuset på laushundproblematikk gjennom informasjon
- bidra til å koordinering mellom kommunane for ei best mogeleg beitedrift (planarbeid)
- betre økonomien ved investeringar i bygningar
- redusere arbeidsforbruket pr. søye
- premiere tiltak som utvidar og forbetrar samarbeidet mellom produsentar
- auke motivasjon/ yrkesstoltheit og kunnskapen i næringa
- ha kontakt med pressa for å skape interesse, kunnskap og betre omdømme, både i og utanfor næringa

1.3. Rammer

Prosjekteigar er Buskerud Sau og Geit. I prosjektet samarbeider vi med organisasjonar representert i prosjektgruppa. Det praktiske arbeidet blir utført av Buskerud sau og geit i samarbeid med aktuelle fag-instansar. Stilling som prosjektsekretær settast til Ca 200 timer Pr år

Tidsramma for prosjektet strekk seg over 3 år med start 1. august 2015 og slutføring 1. august 2018.

Kostnadsramma for heile prosjektet er til saman kr. 1.411 000.

2. Omfang og avgrensingar

I prosjektet vil ein gjennomføre følgjande aktivitetar:

- Legge til rette for lokale aktivitetar i tråd med prosjektmåla, i samarbeid med lokallag/landbrukskontor
- Arrangere møter for nødvendig heving av kompetanse
- Tilby vegvalsrådgiving for enkeltprodusentar

- Avdekke flaskehalsar som hindrar utvikling i sauehaldet
- Søke innovative løysingar
- Bidra til gode samarbeidsløysingar til beste for sauehaldet
- Koordinere arbeidet i styringsgruppa og prosjektgruppa
- Gjere resultatane av i prosjektet kjent, i og utanfor næringa

3. Organisering

3.1 Prosjektorganisering

Prosjekteigar er Buskerud Sau og Geit.

Buskerud Sau og Geit er prosjektansvarleg og leiar av styringsgruppa.

Styringsgruppa tilset Prosjektleiar for prosjektperiode.

3.1.1 Det er etablert styringsgruppe med følgjande samansetnad:

- Representant frå Buskerud Sau og Geit (leiar)
- Representant frå Buskerud Bondelag
- Representant frå Buskerud Bonde- og Småbrukarlag
- Representant frå Nortura

Styringsgruppa er ansvarleg for oppfølging av prosjektet. Dette gjeld både praktisk, tidsmessig og økonomisk, samt at det blir levert sluttrapport innan fristen.

Prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa og er sekretær. Det er oppretta ei prosjektgruppe der prosjektmedarbeidarar for praktisk gjennomføring av prosjektet er med. Personane i gruppa blir vald av Styringsgruppa.

Det blir etablert ei referansegruppe med brei faglig samansetnad. Referansegruppa hjelper prosjektet med faglege råd, marknadsføring av prosjektet i eigen organisasjon/nettverk og bistand til prosjektet med faglege arrangement.

3.1.2. Referansegruppa har denne samansetnaden:

- Fylkesmannen i Buskerud
- Nortura
- Buskerud Sau og Geit
- Ein representant frå kommunane / regionråd
- Prosjektsekretær
- Innovasjon Norge
- Fjell landbruk

4. Avgjerder i prosjektet

Avgjerd om start av prosjektet blir tatt av Prosjekteigar (Buskerud Sau og Geit).

Alle andre avgjerder blir teke av Styringsgruppa i samråd med Prosjektleiar. Her vil ein i utgangspunktet ha to møter i året.

5. Risikoanalyse

5.1 Kritiske suksessfaktorar

Viktige moment for at prosjektet skal nå måla som er sett:

- God dialog mellom styringsgruppe, referansegruppe og prosjektleiar

- At Prosjektgruppa og Prosjektleiar nyttar lokal kunnskap for sikring av lokal kompetanse og eigarskap
- Marknadsføring og omtale av prosjektet fram til målgruppa
- Høvelege økonomiske rammer for prosjektet
- Generell styrking av økonomien i produksjonen og til investering
- Tilgang på relevant rådgiving
- Samhandling lokalt mellom aktørane i prosjektet for å etablere gode møteplassar
- Lokalt engasjement
- Velvilje og engasjement i næringa

5.2 Kvalitetssikring

For å sikre at dei kritiske suksessfaktorane blir følgt opp, vil prosjektet arbeide aktivt for å halde ved like, og formalisere den gode dialogen vi har med ulike samarbeidspartar, prosjektgruppa og referansegruppa.

6. Gjennomføring

6.1 Hovudaktivitetar i prosjektet

Aktivitetar som skal gjennomførast i 2015:

1. Oppdatere kartlegging av faktorar som påverkar tal sauebruk og sauetalet
2. Høveleg planverk
 - a. Tilrettelegging for å kartlegge beiteareal i inn- og utmark i samarbeid med kommunane. Data for beitetrykk, tap, m.m. leggst inn i kartet. Vegetasjonskartlegging.
 - b. Bidra til ei betre samordning av areal-/beitebruk mellom kommunane
3. Påverke kommunane til å nytte verkemiddel for at all innmark blir tatt i bruk
4. Innhente opplysningar om «ledige»/ unytta sauebruk, i samarbeid med kommunane og lokallag, t.d. gjennom opplysningar frå prosjektet «Lys i alle glas».
5. Knytte ressurspersonar til prosjektet (fag og organisasjon)

Aktivitetar som skal gjennomførast i 2015/2016:

6. Ha kontakt med
 - a. andre relevante prosjekt som «Framtidstru og vekst i landbruket i Hallingdal og øvre Numedal Fjellandbruket» og Nortura sitt prosjekt «100000 fleire lam»
 - b. "Fårefestivalen" og «Matopplevelser i Numedal»

Aktivitetar som skal gjennomførast i 2016/2017:

7. Gjennomføre lokale arrangement i samarbeid med lokallag i næringa
 - a. Rettar og plikter om beiting/gjerdehald
 - b. Organisering av beitedrifta;- effektivisere og auka dyrevelferd
 - c. Berekraftig investering i hus og mekanisering. Fokus: Økonomi og miljø
 - d. Mogeleg å auke produksjonen med 10% utan investeringar? Optimalisere. Fokus: Økonomi, både på små og større einingar. Redusert arbeidsforbruk.
 - e. Studietur for sauehaldarar,- nye og gamle, kvart år
 - f. Fokus på grovfôr dyrking og stell av innmarksbeite
8. Styrke kontakten med reiseliv for betring av samarbeid og omdømme

Aktivitetar i prosjektperioden:

- Tilby konkret rådgiving til enkeltbønder. Tilby gratis fyrsteråd for unge bønder
- Tilby driftsplanlegging for sau

- Kurs i sauehald for unge/ nye sauebønder, og gi nystartarhjelp for å kome i gang
- Opprette nettverksgrupper for styrking av fag og samarbeid
- Ha ein jamn kontakt med pressa for formidling av informasjon, nyhende og resultat
- Overføring og dokumentasjon av kompetanse ein har fått gjennom prosjektet
- Rapportering av aktivitetar / måloppnåelse / gjennomføring innen 1.februar pr. år

6.2 Tidsplan

Dato	Oppgåve	Ansvarleg
2015	Offisiell prosjektstart: Årsmøte BSG	Prosjekteigar
	Arbeidsplan	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Info. til lokallag/landbrukskontor	Prosjekteigar/Prosjektleder
	Samling for referansegruppe/ styringsgruppe	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Kartlegging. Punkt 2 og 3. i aktivitetsplanen	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Kontakt med andre relevante prosjekt	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Kontakt med arrangementa «Fårefestivalen» og «Matopplevelser i Numedal»	Prosjektgruppe / Prosjektleder
	2 møter styringsgruppa	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Lokale arrangement, nettverksbygging.	Prosjektgruppe / Prosjektleder
	Rådgiving bønder	Referansegruppe / Prosjektleder
2016	Møte i referansegruppa	Referansegruppe / Prosjektleder
	Rådgiving bønder	Referansegruppe / Prosjektleder
	Kontakt med andre relevante prosjekt	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Kontakt med arrangementa «Fårefestivalen» og «Matopplevelser i Numedal»	Prosjektgruppe / Prosjektleder
	3 møter styringsgruppa	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Lokale arrangement	Prosjektgruppe / Prosjektleder
2017	Møte i referansegruppa	Referansegruppe / Prosjektleder
	Lokale arrangement	Prosjektgruppe / Prosjektleder
	Rådgiving bønder	Referansegruppe / Prosjektleder
	Kontakt med andre relevante prosjekt	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Kontakt med arrangementa «Fårefestivalen» og «Matopplevelser i Numedal»	Prosjektgruppe / Prosjektleder
	3 møter styringsgruppa	Styringsgruppe / Prosjektleder

	Rapport	Styringsgruppe / Prosjektleder
	Avsluttende samling alle involverte	Styringsgruppe / Prosjektleder

7. Økonomi

Budsjett 2015/2018

	2015/16	2016/17	2017/18
Styringsgruppe med prosjektleder (prosjektleiing)	160.333	160.333	160.333
Reise, overnatting, kurs	50.000	50.000	50.000
Kontorhald og regnskap	30.000	30.000	30.000
Lokale aktivitetar og fagmøter Prosjektgruppe/referansegruppe	130.000	130.000	130.000
Konsulenthjelp til enkeltbønder – kjøp av tenester.	100.000	100.000	100.000
SUM	470.333	470.333	470.333

Finansiering



	2015	2016	2017
Fylkesmannen i Buskerud	180.000	180.000	180.000
Prosjekt fjellandbruket	40.000	40.000	40.000
Innovasjon Norge	66.666	66.666	66.666
Kommunane i Øvre Buskerud (Regionrådet Hallingdal + Nore og Uvdal og Rollag)	100.000	100.000	100.000
Nortura	40.000	40.000	40.000
Buskerud Sau og Geit	43.667	43.667	43.667
Sum	470.333	470.333	470.333

Vurdering

Prosjektet har som hovudmål:


- auke produksjonen av lammekjøtt gjennom auka sauetal
- auke kvalitetane i kulturlandskapet
- legge til rette for gode næringsinntekter for bønder, og sikre arbeidsplassar innanfor foredling av mat og i reiseliv
- få til eit nærare samarbeid mellom landbuk og reiseliv for gjensidig utvikling av tilbod i marknaden

Prosjektet vil også sette fokus på auka sambeiting med andre beitedyr t.d. storfe, geit og hest.



Verdiskaping frå sauehold, 2011, mill. kr


I Buskerud er verdiskaping frå sauehald berekna til 82 mill. kr. (2011) Av dette kjem 71% frå kommunane i Øvre Buskerud. Av produksjonsinntektene, utgjør marknadsinntektene 76 mill. kr og offentlege tilskot 114 mill. kr. Arbeidsinnsatsen i saueholdet er rekna til 471 årsverk, og er den enkeltproduksjonen som gir høgast sysselsetting i jordbruket. Av total arbeidsinnsats utgjør arbeidsinnsatsen i sauehaldet 24%.



Kjelde: SSB

Etter fleire år med stort underskot på norsk lammekjøtt peiker pilene oppover for sauenæringa. Sidan sommaren 2012 har talet på sauer auka og nedgangen i talet på sauebønder er også snudd til ein oppgang på landsbasis.

Diagrammet under syner statistikk over talet på vinterfora sauer frå 1990 og fram til 2015 (førebeles). Tala omfattar dei som søkte produksjonstilskot.



Kjelde: SSB

For Hallingdal er sauehaldet ein svært viktig del av landbruket, der utmarksbeite ein svært viktig ressurs. Beiting er kanskje den beste landskapspleia og ikkje minst den beste ressursutnyttinga. Satsing på meir sau er eit viktig og positivt tiltak i ei viktig næring.

Både på fylkesnivå og nasjonalt nivå er det eit mål å legge til rette for auka beitebasert kjøttproduksjon og vedlikehald av kulturlandskap.

I Buskerud er det og ei målsetting å vidareføre den positive utviklinga i sauehaldet dei siste åra og sørge for at auken i dyr og besetningar varer ved.

I finansieringsplan er det foreslått at Hallingdal, Nore og Uvdal og Rollag går inn med kr. 300.000 over ein tre-års periode. Ut frå dette blir det føreslege at Hallingdal står for 80%, kr. 240.000.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 240.000 fordelt på 3 år til prosjektet Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
2. Buskerud Sau og Geit skal vera prosjektansvarleg
3. Ved avslutning av prosjektet bør det gjennomførast ei evaluering.

Ål 20.11.2015

Knut Arne Gurigard
 Dagleg leiar